

VEDLEGG

Forskrift [DATO] om rettleiande skulekrinsgrenser for grunnskulane i Stord kommune, Vestland

Kapittel 1. Lovforankring, formål, verkeområde og ansvar

§ 1-1. Forankring i lovverket

Denne forskrifta vart fastsett av utval for oppvekst og kultur [DATO] med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 8-1.

Opplæringslova § 8-1- lyder: «Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.»

§ 1-2. Formål

Forskrifta skal bidra til rask, føreseieleg og likeverdig handsaming av søknadar, vedtak og klager på tildeling av skuleplass. Informasjon, tidsfristar og nødvendige skjema skal vera tilgjengeleg på kommunen si heimeside eller i Visma Flyt Skule.

§ 1-3. Verkeområde

Forskrifta gjeld for alle barn busett i Stord kommune som har rett og plikt til grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 2-1 (Ny opplæringslov § 2-1 og § 2-2).

§ 1-4. Ansvar

1. Kommunedirektøren har overordna ansvar for å ivareta denne forskrifta
2. Rektorane har ansvar for opptak av elevar med bustadadresse innan eigen skulekrins, slik den er teikna inn i vedlagt kart.
3. Fagavdeling for oppvekst og kultur fattar vedtak om å gå på skule utanfor opphavleg skulekrins, og i alle klager på bakgrunn av denne forskrifta.

Kapittel 2. Skulekrinsane

§ 2-1. Inntaksområde for barneskulane

Stord kommune har sju krinsar med barneskular: Litlabø, Sagvåg, Tjødnalio, Langeland, Leirvik, Hystad og Rommetveit.

Grensene mellom dei ulike skulane er teikna inn på oversiktskart for kommunen. Av kartet er det mogeleg å identifisera kva skulekrins husstanden høyrer til. [Link til kart.](#)

§ 2-2. Inntaksområde for ungdomsskulane:

- Stord ungdomsskule: Skulekrinsane Leirvik og Langeland
- Nysæter ungdomsskule: Skulekrinsane Litlabø, Sagvåg og Tjødnalio

- Nordbygdo ungdomsskule: Skulekrinsane Hystad og Rommetveit

§ 2-3. Vedlikehald av lokal forskrift om rettleiande skulekringsgrenser

Kommunedirektøren har ansvar for å gjera nødvendige berekningar av forventa elevtal, både kortsiktig og langsiktig gjennom framskrivne prognosar, slik at eventuelle kringsgrensejusteringar kan gjerast så skånsamt som mogleg.

Kapittel 3. Vedtak om skuleplass

§ 3-1. Adresse i folkeregisteret

Alle elevar får vedtak om skuleplass ved barne- og ungdomsskule ut i frå den adressa barnet står registrert med i folkeregisteret.

§ 3-2. Vedtak om skuleplass for kommande førsteklasingar

1. Skulestartarane får tilsendt enkeltvedtak om skuleplass etter opplæringslova § 8-1, 1. ledd (ny opplæringslov § 2-6, 1. ledd), saman med registreringsskjema for skulestartarar. Vedtak vert sendt ut av den skulen som er nærskulen etter denne forskrifta.
2. Som hovudregel skal skulen fatta vedtak for alle elevar det året eleven fyller 6 år. Vedtak skal som hovudregel sendast ut innan desember året før elev startar på skulen.
3. Skulane fattar nye vedtak fortløpande etter kvart som elevar flytter inn i skulekrinsen.

§ 3-3. Om skulane sin kapasitet

Enkelte av skulane i kommunen har avgrensa kapasitet til å ta i mot nye elevar. I dei åra skular har ekstra store årskull vert dette søkt løyst ved at elevar får plass ved annan nærskule. Omsyn omtalte under § 3-5, 1. vil verta vektlagde i denne samanheng.

§ 3-4. Vedtak om skuleplass for elevar som flyttar til

1. Elevar som flyttar til kommunen får tilsendt enkeltvedtak om skuleplass etter opplæringslova § 8-1, 1. ledd (ny opplæringslov § 2-6, 1. ledd), saman med tilhøyrande registreringsskjema etter mottatt flyttemelding.
2. Vedtak fattast og sendast ut frå den skulen som eleven soknar til, etter denne forskrifta.

§ 3-5. Vedtak om skuleplass utanfor skulekrinsen

1. Fagavdeling for oppvekst og kultur fattar vedtak om skuleplass utanfor skulekrinsen etter søknad. Eit grunnkrav er at skule utanfor skulekrinsen har kapasitet til å ta i mot elev, det vil seia at tilbod ikkje går på bekostning av elevar med nærskulerett. For at ein slik søknad skal innvilgast skal det føreligga særlege omsyn. Elevar kan få innvilga skuleplass utanfor skulekrinsen når dette kan grunngjevast med at:
 - a. Elev har sysken ved skule utanfor skulekrinsen
 - b. Eleven har særskilte behov av sosial karakter
 - c. Eleven har særleg farleg skuleveg og vil få tryggare skuleveg ved skuleplass utanfor skulekrinsen
 - d. Eleven har flytta ut av krinsen og ønsker å fortsetja skulegangen for å oppretthalda sosiale relasjonar. Omsyn vert vektlagt i dei høve der byte ikkje utløyser behov for skuleskyss.
2. Om eleven går på skule i annan skulekrins enn den eleven er folkeregistrert i, etter ønske frå elev/føresette, fell retten til gratis skuleskyss vekk.

§ 3-6. Byte av skule som følge av adresseendring

1. I tilfelle der flytting internt i kommunen medfører at eleven vert tilhøyrande ein annan skulekrins, plikter føresette umiddelbart å gje skulen melding.
2. Når ein elev melder flytting ut av skulekrinsen, skal tidlegare skule varsle skulen som blir ny skule etter denne forskrift. Ny skule skal fatta nytt vedtak om skuleplass.
3. Nytt vedtak kan påklagast eller det kan søkast om skulegang ved tidlegare skule eller annan skule ut frå særlege forhold. Fagavdeling for oppvekst og kultur handsamar eventuelle klager eller søknadar. Ingen elevar kan starta ved ny skule før vedtak er fatta og føresette har samtykka i at dei godtar vedtaket eller klagefristen har gått ut. Om føresette klagar på eit eventuelt vedtak, eller søker om skulegang ved annan skule, held eleven fram ved tidlegare skule til saka er sluttbehandla.

§ 3-7. Utsetting eller framskunding av skulebyte som følgje av adresseendring

1. Det vert opna for at eleven kan søka om å utsetja skulebyte til inneverande skuleår er fullført. Vedtak om utsett skulebyte vert fatta av fagavdeling for oppvekst og kultur i samråd med berørte skular. Eit slikt vedtak opphevar ikkje vedtak om tilhøyrse i ny skulekrins, men utset iverksettinga av vedtaket.
2. Om det er ønskeleg at elev begynner på ny skule før eleven faktisk har flytta, er dette å rekna som søknad om skulegang ved annan skule. Fagavdeling for oppvekst og kultur handsamar slike søknadar, jf. § 3-5.

§ 3-8. Vedtak om skulebyte som tiltak etter opplæringslova § 9a-12 (ny opplæringslov § 13-2)

1. Ein elev i grunnskulen kan flyttast til ein annan skule enn den skulen eleven elles har rett til å gå på, dersom oppførselen til eleven i alvorleg grad går ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar. Skulebyte skal likevel ikkje skje dersom mindre inngripande tiltak vil kunna avhjelpa situasjonen. Grunnen til at ein elev kan flyttast, kan til dømes vera at eleven mobbar ein eller fleire medelevar, jf. opplæringslova § 9a-12 (ny opplæringslov § 13-2).
2. Vedtak om skulebyte etter denne føresegna vert fatta av kommunalsjef.
3. Forvaltningslov og sakshandsamingskrav i opplæringslova § 9a-12 (ny opplæringslov § 13-2) gjeld ved handsaminga.

Kapittel 4. Diverse føresegner

§ 4-1. Denne forskrifta gjeld frå og med 1. august 2024.

§ 4-2. Klagehandsaming

1. Alle enkeltvedtak om skuleplass og avslag på søknadar om skulegang ved annan skule kan påklagast etter forvaltningslova sine føresegn om klage på enkeltvedtak, jf opplæringslova § 15-1. Klagefristen er tre veker etter mottatt vedtak.
2. Fagavdeling for oppvekst og kultur handsamar alle eventuelle klagar på vedtak eller avslag på søknadar om skuleplass. Dersom fagavdeling for oppvekst og kultur opprettheld opphavleg vedtak, vert saka sendt til Statsforvaltaren i Vestland som gjer endeleg vedtak.

KART SOM SYNER RETTLEIANDE KRINSGRENSER FOR GRUNNSKULANE I STORD KOMMUNE

Vedlegg i PDF.